



Benedicte Jordal-Aarra
Dyrhovden 18
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4648 - 22/24826

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
28.03.2022

Innvilga sakskostnader for vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustadhus, etablering av tilkomstveg og minirensanlegg - gbnr 33/13 Jordal

Administrativt vedtak: **Saknr: 367/22**
Tiltak: Dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 33/13
Tiltakshavar: Endre Jordal-Aarra
Ansvarleg sækjar: Harris Advokatfirma AS
Saksnummer: 21/4648

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 18.646,- inklusiv meirverdiavgift, jf. forvaltningslova § 36 første ledd.

Saka er handsama administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

SAKA GJELD

Vi viser til rettidig krav om dekning av saksomkostningar, mottatt 16.12.2021, frå Harris Advokatfirma AS og dykkar saknr.: 1120577501.

Samla krav utgjer kr. 18.646,- inklusiv meirverdiavgift.

Sakskostnadskravet gjeld bistand frå adv.flm. Marianne Sandvik til tiltakshavarane, Benedicte og Endre Jordal-Aarra, i sak 21/4648 – gbnr 33/13 Jordal. Arbeidet utgjer kr 18.646,- inkl. mva relatert til 8,08t arbeid. Timesatsen er kr 1.800,- eks. mva.

Kravet gjeld dekning av kostnader i høve klage på delegert vedtak i sak 21/4648, datert 16.09.2021, om avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustadhus – gbnr 33/13 Jordal.

Vedtaket av 16.09.2021 har følgjande ordlyd:

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplana sin arealdel jff pbl. § 11-6 for oppføring av bustadhus.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.»

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 08.12.2021 med vedtak 180/21. Det vart gjeve vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustadhus, etablering av tilkomstveg og minireinseanlegg - gbnr 33/13 Jordal.

Vedtaket av 08.12.2021 har følgjande ordlyd:

«APM- 180/21 Vedtak:

Klagen vert teken til følgje og vedtak i sak 21/4648, datert 16.09.2021, vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av omsøkt bustadhus, og etablering av tilkomstveg og minireinseanlegg på gnr 33 bnr 13 på Jordal på følgjande vilkår:

- Det skal tinglysast gjerdeplikt på eigedomen før det kan gjevast løyve til igangsetting av omsøkt tiltak.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, og plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjevinga for å gje løyve til dispensasjon er vist i følgjande kulepunkt nedunder:

- Eigedomen vart frådelt til hytteføremål i 1949, og det vart gjeve byggjeløyve til oppføring av fritidsbustad på 1970-talet.
- Eigedomen ligg ved anna busetnad, inntil fleire frådelt tomter og er dermed eigna for fortetting.
- Tilhøva til vatn og avlaup er avklart
- Det vert planlagt for minireinseanlegg som ikkje vil skapa noko forureinsingsfare.
- Kommunal vassleidning ligg klart inn på eigedomen, og er klar for tilkopling til omsøkt bustad.
- Vestland fylkeskommune har gjeve avkøyringsløyve til utvida bruk frå fylkesvegen på vilkår den 08.11.2021.
- Privatrettsleg er eigedomen sikra framføring av tilkomstveg ved tinglyst erklæring.
- Området har ikkje endra seg vesentleg sidan sist det vart gjeve byggjeløyve.
- Landbrukskontoret er positiv til søknaden og tilrår dispensasjon. Grunngjevinga er at ein einbustad på tomta ikkje vil medføra negative konsekvensar korkje for landbruket eller for andre naturverdiar.
- Tomta ligg på en haug med fleire frådelt tomter rundt. Bygda Myking treng tilflytting av yngre familiar, og det er difor busettingsomsyn knytt til saka.
- Eit løyve til dispensasjon vil byggja opp under at Alver kommune er pårekneleg, og vil vera med på å styrke Alver kommune sitt omdømme i denne type saker.

Etter ei samla vurdering meiner APM-utvalet difor at fordelane ved å gje dispensasjon er klart

større enn ulempene i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2, og at ved å stilla vilkår om gjerdeplikt vert dette styrka. Utvalet kan heller ikkje sjå at omsyna som ligg nedfelt i kommuneplanen vert vesentleg tilsidesett ved å gje dispensasjon for omsøkt einebustad med tilkomstveg og minireinseanlegg, jf. grunngjevinga i punkta ovanfor."

GRUNNGJEVING

Fvl § 36 første ledd lyder som følgjer:

«Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.»

Vilkåret om å endra eit vedtak til gunst for part er meint å dekke dei tilfella der vedtaket går frå eit negativt vedtak til eit nytt positivt vedtak. I vår sak er det delegerte vedtaket av 16.09.2021, endra med det politiske vedtaket frå Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 08.12.2021. Klagen vart tatt til følgje og vedtaket gjort om. Det vart gjeve vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustadhus, etablering av tilkomstveg og minireinseanlegg - gbnr 33/13 Jordal.

Vidare er det eit vilkår at det kun er «vesentlige kostnader som har vært nødvendig for å få endret [kommunens] vedtak» som kan krevjast dekkja. Hovudregelen er at ein part skal få dekkja vesentlege og nødvendige kostnadar som knyt seg til endringa av vedtaket.

Vilkåret om at kostnadane må vere «vesentlige», er meint å skulle utelukka småutgifter og parten sitt eige arbeid med saka. Utgifter til advokat og utgifter til annan juridisk bistand vert omfatta av vesentlegkravet. I vår sak er utgiftene til advokat ansett å vere vesentlege.

Vilkåret om at kostnadene må ha vore «nødvendige for å få endra vedtaket» gjelder for det første kostnader som er pådratt i forbindelse med klagesaka. Kostnaden må være pådratt i innanfor den dekningsberettigede perioden. Dette er kostnader som er pådratt i tidsrommet frå avgjerdtidspunktet for det første vedtaket fram til avgjerdtidspunktet for vedtaket som endrar det første vedtaket. Kostnadar utanfor denne perioden vil ikkje ha vore nødvendige for å få endra vedtaket.

I vår sak er den dekningsgivande perioden den 16.09.2021 til 08.12.2021. Kostnadane som er kravd er i perioden 16.09.2021-08.12.2021 er innafør den dekningsberettigede perioden.

Vilkåret om at kostnadene må ha vore «nødvendige for å få endra vedtaket» gjelder for det andre kostnader som har vært nødvendige for endringa. I vurderinga av kva for utgifter som har vore nødvendige for endringa, så vert det lagt vekt på saka si vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet samt de faktiske forhold.

Vidare er nødvendighetsvurderinga forstått slik at det skal være ein viss årsakssamanheng mellom utgiftene og det forhold at vedtaket endrast. Det er ikkje krav til eit objektivt konstaterbar årsakssamanheng mellom utgifter og resultat. Utgangspunktet for vurderinga er partens og partsrepresentantens subjektive oppfatning i det konkrete tilfellet av kva som med rimelegheit kan ha blitt oppfatta som nødvendige tiltak og utgifter for å få endra vedtaket.

Det er likevel ikkje slik at klager aleine kan avgjere kva som kan krevjast dekkja. Det er berre utgifter til tiltak som parten med rimelegheit kunne anse som formålstenleg som vert dekkja og det bør tilleggst vekt om det var forståeleg at utgiftene vart pådratt.¹

VURDERING

I vår sak så vart det gjeve administrativt avslag den 16.09.2021. Tiltakshavar klaga med bistand frå Harris Advokatfirma AS. Fristavbrytande klage var rettidig mottatt den 06.10.2021. Klagen vart supplert med utfyllande klage den 09.11.2021. Klagen vart ytterlegare supplert den 09.11.2021 med løyve på vilkår til utvida bruk og opparbeiding av avkjørsle til gbnr 33/13 frå Vestland Fylkeskommune, datert 08.11.2021. Klagen var sist supplert den 09.11.2021 med privatrettsleg løyve til etablering av avkjørsel og veg over gbnr 33/1 til gbnr 33/13, datert 17.10.2021.

Saka vart politisk handsama av Utval for areal, plan og miljø som endra vedtaket i møte 08.12.2021 til gunst for klagar. Klagen vart tatt til følgje og vedtaket gjort om. Det vart gjeve vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustadhus, etablering av tilkomstveg og minirenseanlegg - gbnr 33/13 Jordal.

Harris Advokatfirma AS har vedlagt følgjande framstilling på saksomkostningskrav i sak 21/4648 – gbnr 33/13 Jordal.

Dato	Beskrivelse	Timer	Sats	Beløp
Timer:				
Marianne Aadland Sandvik:				
27.09.2021	Gj.gang sak og tif Aass og søker + påbegynt klage	1,50	1 800,00	2 700,00
27.10.2021	Tif klient om sak og avkjørsel	0,50	1 800,00	900,00
05.11.2021	Klageskriv	4,00	1 800,00	7 200,00
08.11.2021	Supplere etter vedtak frå VLFK	0,75	1 800,00	1 350,00
09.11.2021	Oppsummering og innsending	0,50	1 800,00	900,00
30.11.2021	Tif avklaring ifht klagebeh	0,50	1 800,00	900,00
	Totalt Marianne Aadland Sandvik i alt	7,75		13 950,00
Olav Pedersen:				
08.11.2021	Amk	0,33	2 900,00	966,67
	Totalt Olav Pedersen i alt	0,33		966,67
	Timer i alt	8,08		14 916,67

Spesifisert timeliste viser at det er nytta tid til å gjennomgå saka, kontakt med klient og klage på vedtaket om avslag innfor den dekningsberettigede perioden 16.09.2021-08.11.2021.

Utifrå ein konkret heilskapleg vurdering av saka si vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet, vurderer Alver kommune at det arbeid som har vært nødvendig for å få endra vedtaket er 8,08t, jf. fvl. §36. Dette er utgifter som parten med rimelegheit kunne anse som formålstenleg som vert dekkja og det er forståeleg at utgiftene vart pådratt.

KONKLUSJON

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 18.646,- inklusiv meirverdiavgift, jf. forvaltningslova § 36 første ledd.

Saksomkostningskravet er etter dette innfridd fullt ut.

¹ Ot.prp.nr.3 (1976-1977) og SOM-202-252

Beløpet vert overført til Harris Advokatfirma AS sitt kontonummer 9521.16.42638 med henvisning til gbnr 33/13 Jordal og dykkar saksnr.: 1120577501 innan rimeleg tid.

Vi beklager lang sakshandsamingstid.

UTBETALING SAKSOMKOSTNINGER

Vi ser at mottakar ikkje har frådagsrett for mva. Beløpet utbetalast difor med mva.

Aktuelt regelverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunnjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlege kostnader til advokat eller utgifter til annan juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Endre Jordal-Aarra	Dyrhovden 18	5993	OSTEREIDET
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN

Mottakarar:

Benedicte Jordal-Aarra	Dyrhovden 18	5993	OSTEREIDET
Endre Jordal-Aarra	Dyrhovden 18	5993	OSTEREIDET
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN